



Ole Tvedt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/161 - 14/2188

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

05.03.2014

Byggesak GBNR 27/103 Kvalheim øvre - fritidsbustad - ending av ansvarsrettar - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 33/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Marøyvegen 219**
Tiltakshavar : Rune Opheim
Ansvarleg søkjar : Arkitekt Ole Tvedt
Søknadstype : Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 232/12, datert 20.09.12. gjeveløyve til oppføring av fritidsbustad på eigedom gnr. 27 bnr. 103 Kvalheim Øvre. Det er no søkt om endring av ansvarsrettar for utføring våtrom, flis og membran. Ansvarsrett for utføring tømrararbeid og utføring montering av pipe og eldstad.

Ansvarsrett for ventilasjon utgår.

Ansvarsrett for utføring våtrom, flis og membran for Hella Betongprodukter as utgår. Hella Betongprodukter as har trekt ansvarsretten sin. Det er søkt om ansvarsrett som sjølvbyggjar for Rune Opheim.

Ansvarsrett for utførande tømrararbeid , Tenden Boligutvikling as utgår. Dette firma er avvikla, nytt firma er etablert og det vert søkt om ny ansvarsrett for Hammar-kameratane as.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Ansvarsrett for utføring montering av pipe og eldstad. Hella Betongprodukter as har trekt ansvarsretten sin. Det er søkt om ny ansvarsrett for Din Flamme as.
Ansvarsrett for kontroll av våtrom. Det er søkt om ansvarsrett frå Byggkontroll Bergen as.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Rune Oppheim (sjølvbyggjar), har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar for utføring våtrom, flis og membran. Rune Opheim har erklært nødvendig kompetanse ved egen utdanning/praksis, bruk av medhjelpers utdanning/praksis og bruk av innleid foretak.

Føretaket **Byggkontroll**, org.nr. 999512240, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde KTR, kontroll av våtrom flis, membran og fall til sluk.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hammar-Kameratene as**, org nr. 983091539, har søkt ansvarsrett for UTF, utføring tømrrarbeid.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Din Flamme as**, org.nr. 886424922, har søkt ansvarsrett for UTF, utføring montering av eldstad og stålpipes.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 vert det GODKJENT søknad om endring av ansvarsrettar som omsøkt for oppføring av fritidsbustad på følgjande vilkår:

1. Vilkår som elles er sett i tidligare løyve gjeld framleis.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-6 (UTF)/ 23-7 (KTR) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Føretaket Hammar-Kameratene as , org nr. 983091539	S	UTF	1	Utføring tømrrarbeid
Føretaket Din Flamme as , org.nr. 886424922	S	UTF	1	Utføring montering av eldstad og stålpipes.
Føretaket Byggkontroll , org.nr.	S	KTR	1	Kontroll våtrom flis, membran og fall til sluk

999512240				
Rune Opheim (sjølvbyggjar)	L	UTF	1	Utføring våtrom, flis og membran

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	2 600,00
KODE 10.2.9c	Godkjenning av ansvarsrett, sjølvbyggjar	kr	<u>770,00</u>

SUM		kr	3 370,00
------------	--	-----------	-----------------

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/161

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ole Tvedt
Rune Opheim